



Trass tropevarme var frammøte svært bra til Allsong i Sjøkanten.

Gradestokken synte over 30 varmegrader. Likevel var frammøte til Allsong i Sjøkanten meir enn det som var venta. Uskedal Båtlag i samarbeid med SPAR var tilskipar. Rustne Menn var kjapt på banen og stod for tonefylgje. Songane var henta frå frå det maritime og vestlandske miljøet. Britt Tove Musland og Liv Hansen var vertsskap med kaffi, vafler og vatn, gratis til alle dei om lag 50 frammøtte songarane. Jan Henrik Hansen med fleire stod for det praktiske med tilrigging og rydding.

Allsong i Sjøkanten er Uskedalen sitt svar på Allsong på Grensen eller skal vi våga oss å sei Allsong på Skansen. I den tida det var drift på Vertshuset, stod ei lokal song- og musikkgruppe fram med allsong. Reidar Myklebust og Kristian Bringedal tok initiativet. Seinare kom Svein Rimestad og Tore Nordahl Pedersen med i gruppai det som vart Rustne Menn. Hans Gustav Musland med fast feriebustad i Uskedalen er med når det høver slik.

Allsongen i går samla ei fin gruppe av båt- og campinggjester og fastbuande, slik tanken var for å skapa ein sosial og triveleg atmosfære i Strandstovo og i Båthamna. Tilreisande gjester sette pris på tiltaket og slik Uskedalen.no ser det, bør allsongen vera eit fast innslag kvar sommar.



Rustne Menn er kjapt på plassen når det er snakk om allsong. F.v: Tore Nordahl Pedersen, Kristian Bringedal, Svein Rimestad og Hans Gusta Musslund.

Båtlag i Sunnhordland har gjerne sine måtar å profilera hamna og bygda på. Det kan vera fiske, hopp i havet, toppturar eller utedansar. La Uskedalen stå fram med sin allsong der ein inviterer inn gjester og let målgruppa vera fastbuande og tilreisande gjester.

Uskedalen kan med dette forsterka sin posisjon som ei inkluderande bygd med plass til alle.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland